



**Voss herad**

## **KONKURRANSEREGLAR**

**Open anbodskonkurranse  
etter FOA del I og III**

**Vinterdrift for Voss herad**

**Saks. nr 24/7213**

---

1	Om oppdragsgivar	3
1.1	Voss herad	3
1.2	Om anskaffinga	3
1.3	Kontraktstype og omfang	3
1.4	Delkontraktar – roder	3
1.5	Varigheit og estimert verdi	4
1.6	Kontaktperson	5
2	Konkurransesgrunnlaget	5
3	Konkurransesgjennomføring	6
3.1	Kunngjering	6
3.2	Anskaffingsprosedyre	6
3.3	Krav til arbeids- og lønnsvilkår	6
3.4	Avgrensing i tal ledd i leverandørkjeda	6
3.5	Framdriftsplan	6
3.6	Tilbydarkonferanse	6
3.7	Språk	7
3.8	Kommunikasjon	7
3.9	Tilbydaren sine deltakingskostnader	7
3.10	Spørsmål til konkurransegrunnlaget	7
3.11	Rettingar, endring og/eller supplering av konkurransegrunnlaget	7
3.12	Parallele tilbod	8
3.13	Alternative tilbod	8
3.14	Deltilbod	8
3.15	Avvik frå anskaffingsdokumenta	8
3.16	Tilbakekalling av tilbod	8
4	Særlege kontraktsvilkår	8
5	Konfidensialitet og innsyn	8
5.1	Konfidensialitet	8
5.2	Innsyn	8
6	Det europeiske egenerklærings skjemaet (ESPD)	9
7	Kvalifikasjonskrav	9
7.1	Om dokumentasjon	9
7.2	Krav til registrering, autorisasjon m.m.	10
7.3	Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar	10
7.4	Støtte frå andre verksemder	11
8	Innlevering av tilbod og tilbodsutforming	12
8.1	Innlevering av tilbod	12
8.2	Tilbodets utforming	12
9	Tildelingskriterium	12
10	Evaluering og avslutning av konkurransen	13
10.1	Evaluering	13
10.2	Avvising av tilbod	14
10.3	Avlysing av konkurranse	14
10.4	Melding om val av leverandør	14
10.5	Klage	14

# 1 Om oppdragsgivar

## 1.1 Voss herad

Oppdragsgivar for anskaffinga er Voss herad.

Voss herad er ein kommune sentralt i Vestland fylke. Kommunen grensar i vest til Vaksdal, i sørvest til Kvam, i aust til Ulvik, og i nord til Aurland og Vik. Voss er hovudsakleg ein innlandskommune og eit trafikknutepunkt, og er med sine 1805 kvadratkilometer ein stor kommune i Vestland.

Sjå <https://voss.herad.no/> for ytterlegare informasjon.

## 1.2 Om anskaffinga

Føremålet med anskaffinga er å dekke behovet for strø- og brøytetenester på kommunale veger og plassar i Voss herad, i dei periodane som vert definert som brøytesesongen, og ut over dei tenestene som driftsavdelinga i Voss herad utfører sjølve.

Voss herad utfører noko vintervedlikehald i eigen regi. Driftsavdelinga brøyter og strør nokre roder og plassar sjølve, og desse areala er dermed ikkje omfatta av denne anskaffinga. Andre oppgåver som ikkje er omfatta er mellom anna utsetjing av brøytestikk, kosting av sand etter sesong, osb.

Oppstart på sesongen er ulike for strøing og for brøyting, og sesongen byrjar tidlegare på roder som heilt eller delvis ligg over 200 moh.

Sjå oversikt over sesongen i Bilag 1A Strø- og brøyteinstruks.

Dei kommunale vegane og plassane som er omfatta av denne konkurransen er delt inn i 35 roder. Sjå Bilag 1B Rodeoversikt, og lenke: [Brøyteroder - Voss herad \(kommunekart.com\)](https://voss.herad.no/kommunekart.com)

Tenestene omfattar i hovudsak beredskap, brøyting og strøing av tildelt rode, og eventuelt snørydding.

Andre tenester som naturleg høyrer inn under avtaleområdet kan også bli omfatta av rammeavtalen, i mindre omfang.

Oppstartsdato er snarleg etter tildeling.

For meir informasjon om kva anskaffinga inneber syner vi til Bilag 1 Kravspesifikasjon, Bilag 1A Strø- og brøyteinstruks for Voss herad 2024 - 2028, og Bilag 1B Rodeoversikt.

## 1.3 Kontraktstype og omfang

Oppdragsgjevar skal inngå til saman 35 kontraktar. Kontrakt for ein rode vert kalla ein delkontrakt.

Det vil bli inngått avtale/kontrakt med ein leverandør per rode. Ein leverandør kan bli tildelt fleire roder/delkontraktar.

## 1.4 Delkontraktar – roder

Anskaffinga omfattar følgande 35 delkontrakter (roder):

1. Bolstadøyri
2. Øvstedalen
3. Evanger
4. Steine
5. Brekkhus/ Århus
6. Dyrvedalen
7. Dalane
8. Vestbygdi
9. Haugamoen
10. Gjernes
11. Bordalen
12. Tjukkabygdi/ Palmafossen
13. Gullfjordungen
14. Rogne - Mølster
15. Skjerpe
16. Skulestadmo
17. Tvinne/ Rødno
18. Lemme
19. Vinjo/ Holbygda
20. Myrkdalen
21. Oppheim
22. Jordalen
23. Fenne, Istad
24. Kinne, Bjørge, Filipshaugen
25. Bjørke
26. Raundalen
27. Kvanndal/ Folkedal
28. Bulko, Jørdre, Skår, Skaftedal
29. Kjerland, Tveito, Røynstand
30. Nestås, Havås, Medås, Ystås, Taskjelle, Bilde
31. Vindal, Øvsthus, Hausnes, Velkje
32. Nesheim, Seim, Såkvitno, Spildo
33. Hamre
34. Sentrum Granvin
35. Djonno – Tjoflot

Oppdragsjevar brøyter og strør sjølve på rode 36,37 og 38, jamfør rodekartet.

## 1.5 Varigheit og estimert verdi

Avtalane varer i 3 sesongar, med høve til å forlengje i opptil 1+1 sesong til, slik at samla avtaleperiode er ca. 4,5 år.

Oppstart er frå 01.12.24, og kontraktane kan verte forlengja til og med vårsesongen 2029.

Forventa årleg verdi av alle delkontraktane er ca. 8 MNOK per år, basert på snitt 4 siste år. Vi tek atterhald om at volumet vil variere, basert på varierende vær og snømengde.

## 1.6 Kontaktperson

Oppdragsgivar sin kontaktperson er:

<b>NAMN:</b>	Gry Loftesnes
<b>STILLING:</b>	Rådgjevar
<b>E-POST:</b>	<a href="mailto:gry.loftesnes@voss.herad.no">gry.loftesnes@voss.herad.no</a>

Eventuelle spørsmål skal rettast til oppdragsgivar gjennom kommunikasjonsmodulen i konkurransegjennomføringsverktøyet Mercell.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgivar når det gjeld konkurransen enn nemnde kontaktperson.

## 2 Konkurransesgrunnlaget

Konkurransesgrunnlaget er delt i to delar. Del I inneheld dokumenter knytt til gjennomføring av konkurransen - prekvalifisering (fase 1) og tilbudsfasen (fase 2). Del II inneheld kontrakt med vedlegg (fase 2).

Del I:

VEDLEGG	INNHALD
Del I	Konkurransereglar (dette dokumentet)
Vedlegg 1	Svardokument - Tilbudsbrev
Vedlegg 2	Forpliktingserklæring
Vedlegg 3	Mal Tilbydars avvik
Vedlegg 4A	Mal Oversikt over relevante oppdrag
Vedlegg 4B	Mal oversikt over disponibelt utstyr

Del II:

Vedlegg	INNHALD
Del II	Rammeavtale tenester
Bilag 1	A - Strø - og brøyteinstruks for Voss herad 2024-2028 B - Oppdragsgjevars kravspesifikasjon C - Rodeoversikt
Bilag 2	Leverandøren si løysing, inkludert skildring av tildelingskriteriet Miljø
Bilag 3	Pris – og administrative vilkår
Bilag 4	Prisskjema
Bilag 5	Krav til seriøs leverandør

### 3 Konkurransgjennomføring

#### 3.1 Kunngjering

Konkurransen er sendt for kunngjering i DOFFIN-databasen ([www.doffin.no](http://www.doffin.no)) og TED-databasen ([ted.europa.eu](http://ted.europa.eu)) gjennom konkurransegjennomføringsverktøyet til Mercell, heretter kalla KGV.

Konkurransedokument er tilgjengeleg i KGV frå gjennom link på [www.doffin.no](http://www.doffin.no) saman med kunngjeringa.

#### 3.2 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og del III. Konkurransen vert gjennomført som ein open anbodskonkurranse, jf. FOA § 13-1 (1). Denne prosedyren gjev alle interesserte tilbydarar høve til å levere tilbod. Det er ikkje høve til å forhandle. Det er dermed ikkje høve til å endre på tilboda etter at frist for å levere tilbod har gått ut.

#### 3.3 Krav til arbeids- og lønnsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

#### 3.4 Avgrensing i tal ledd i leverandørkjeda

Det vert i kontrakten stilt krav om at leverandørane kan ha maksimalt to ledd i leverandørkjeda under seg.

#### 3.5 Framdriftsplan

AKTIVITET	DATO	TIDSPUNKT
Kunngjering sendt for publisering i Doffin/TED	13.09.2024	
Tilbydarkonferanse	26.09.24	13:00
Frist for spørsmål til konkurransegrunnlaget	11.10.2024	12:00
Tilbodsfrist	22.10.2024	12:00
Evaluering tilbod	Veke 43/44	
Kontraktstildeling	Veke 45	
Karensperiode	10 dagar	
Kontraktsignering	Veke 47	
Vedståingsfrist	3 månader frå tilbodsfrist	

Det vert gjort oppmerksom på at framdrift etter frist tilbodslevering er tentativ og endringar kan gjerast.

#### 3.6 Tilbydarkonferanse

Oppdragsgjevar vil halde ein tilbydarkonferanse på Tinghuset, Utrågata 9, Voss, på dato og tidspunkt tatt

inn i tabellen under pkt. 3.5.

Vi vil i dette møtet orientere om bruk av det elektroniske konkurranseverktøyet i Mercell, forkorta KGV, og vi vil orientere om ESPD (det europeiske eigenerklæringsskjemaet), i tillegg til at vi kjem inn på skilnaden på kvalifikasjonskrav og tildelingskriterium. Føremålet er å legge betre til rette for at tilbydarar som ikkje er van med å levere elektroniske tilbod skal kunne delta i konkurransen. Presentasjonen som vert gjennomgått i møtet vert sendt ut via KGV kort tid etter konkurransen, samen med eit kortfatta referat.

### **3.7 Språk**

Alle dokument og all kommunikasjon som omhandlar denne konkurransen skal vera/gå føre seg på norsk. Det vert gjort merksam på at det same kravet også vil gjelda i gjennomføringa av avtalen.

### **3.8 Kommunikasjon**

Kommunikasjon skal gå føre seg via kommunikasjonsmodulen i KGV på språk i samsvar til språkrava i pkt.3.7.

Ingen andre personar enn oppdragsgivars kontaktperson har myndigheit til å svara på vegne av oppdragsgivaren i samband med denne konkurransen.

### **3.9 Tilbydaren sine deltakingskostnader**

Kostnader som tilbydaren pådreg seg i samband med utarbeiding, levering, og oppfølging vil ikkje bli refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikta oppdragsgivaren til å inngå kontrakt med leverandør, eller involvere oppdragsgjevaren i økonomiske forpliktingar.

### **3.10 Spørsmål til konkurransegrunnlaget**

Eventuelle spørsmål tilbydarane måtte ha til konkurransegrunnlaget må fremjast innan fristen oppgitt i pkt. 3.5.

Alle spørsmål vil bli svart i anonymisert form og gjort tilgjengeleg for alle som har registrert interesse for konkurransen i KGV i god tid før tilbodsfristens utløp.

### **3.11 Rettingar, endring og/eller supplering av konkurransegrunnlaget**

Innan tilbodsfristens utløp har oppdragsgivaren rett til å gjera rettingar, suppleringar og/eller endringar i konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege.

Rettingar, suppleringar eller endringar vil bli gjort tilgjengeleg for alle som har registrert interesse for konkurransen i KGV.

Dersom oppdragsgivaren vurderer at det er naudsynt med utvida tilbodsfrist grunna rettingar, suppleringar og /eller endringar vil dette kommuniserast til alle i KGV.

### 3.12 Parallele tilbod

For denne konkurransen vert ikkje parallele tilbod godteke.

### 3.13 Alternative tilbod

Det vil ikkje opnast for levering av alternative tilbod i konkurransen.

### 3.14 Deltilbod

Leverandørar kan ikkje levere tilbod som berre omfattar delar av omfanget til ein rode/ delkontrakt. Det er dermed ikkje høve til å levere deltilbod.

### 3.15 Avvik frå anskaffingsdokumenta

Tilbod som innehelder vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta vil bli avvist.

Avvik skal opplysast presist og eintydig slik at oppdragsgjevaren kan evaluera tilbodet utan å ta kontakt med tilbydaren. Avvik skal på ein klår og presis måte referera til relevant vedlegg og punkt i konkurransegrunnlaget og/eller kontrakt

Mal for opplysningar av avvik er inntatt i del I, jf. pkt. 2 over.

### 3.16 Tilbakekalling av tilbod

Tilbod kan tilbakekallast eller endrast inntil utløpet av tilbodsfristen. Følg rettleiinga i konkurransegjennomføringsverktøyet. Endring av tilbodet er å rekna som eit nytt tilbod.

## 4 Særlege kontraktsvilkår

Sjå konkurransegrunnlagets del II (avtale med vedlegg), herunder seriøsitetskrav.

## 5 Konfidensialitet og innsyn

### 5.1 Konfidensialitet

Informasjon som partane blir kjent med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandlast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følgjer av forvaltningsloven, jf. lov 10. februar 1967 eller tilsvarande sektorspesifikk regulering, samt etter offentleglova, sjå pkt. 5.2 **Feil! Fant ikke referanseilden.** nedanfor.

### 5.2 Innsyn

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og innkjøpsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort, er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av disse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningsloven § 13.



Tilbydarane skal levere ei oversikt over kva opplysningar dei meiner er unntatt innsyn, samt signere eigenerklæring på at oppdragsgivaren er fritatt frå teieplikt i forhold til opplysningar som ikkje er særskilt identifisert som teiepliktige i tilbydaren si opplysning. Mal for dette er vedlagt i del I, jf. Vedlegg 3.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgivaren gjera ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane tilbydaren har lista opp er av en slik art at oppdragsgivaren plikter å nekte innsyn, jf. offentleglova § 29.

Oppdragsgivar er pålagt å følgje prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

## 6 Det europeiske eigenerklærings skjemaet (ESPD)

### 6.1.1 Generelt om ESPD

Leverandøren skal fylle ut ESPD-skjema i KGV, der leverandøren erklærer at det ikkje føreligg grunnar for avvising, og at kvalifikasjonskrava er oppfylt. Skjemaet skal fyllast ut i samband med innlevering av tilbodet.

### 6.1.2 ESPD for underleverandørar/samarbeidspartnar

Dersom tilbydar ønsker å støtte seg på underleverandørar eller samarbeidspartnarar for å oppfylle kravet om kvalifikasjonskrav skal det også leverast ESPD-skjema for kvar enkelt underleverandør/samarbeidspartner jf. FOA § 17-1 (6).

### 6.1.3 Nasjonale avvisingsgrunnar

I samsvar med ESPD del III: Avvisningsgrunner, seksjon D: «Andre avvisningsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivingen i oppdragsgiverens medlemsstat»: Dei norske innkjøpsreglane går lenger enn kva som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EUs direktiv om offentlege anskaffingar og i standard-skjemaet for ESPD. Det vert difor presisert at i denne konkurransen gjelder og alle avvisingsgrunnane i anskaffelsesforskriften § 24-2, inkludert de rent nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande av avvisingsgrunnane i anskaffelsesforskriften § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- § 24-2 (2). I denne regelen er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei oppgitte straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei oppgitte straffbare føreholda er eit særnorsk krav.
- § 24-2 (3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjelder berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, mens den norske avvisingsgrunnen også gjeld andre alvorlege feil som kan medføre tvil om leverandørens yrkesmessige integritet.

## 7 Kvalifikasjonskrav

### 7.1 Om dokumentasjon

I tillegg til å fylle ut det elektroniske eigenerklærings skjemaet (ESPD), må leverandøren levere dokumentasjon på oppfyllelse av kvalifikasjonskrava i samsvar med krava under.

## 7.2 Krav til registrering, autorisasjon m.m.

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal vera registrert i eit foretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert. Leverandøren må ha eit organisasjonsnummer.	Norske tilbydarar: Firmaattest  Utanlandske tilbydarar: Stadfesting på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit bransjeregister i samsvar med lovgjevinga i det landet kor tilbydaren er etablert.

## 7.3 Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
<p>Erfaring</p> <p>Sjåførar må ha alle nødvendige sertifikat og ha tilstrekkeleg opplæring i bruk av maskiner med tilhøyrande utstyr.</p> <p>Leverandøren skal ha erfaring frå samanliknbare oppdrag.</p> <p>Liknande oppdrag er erfaring frå å utføre brøytetenester, inkludert strøing, på roder med tilsvarande kompleksitet som det som vert omfatta av dei rodene leverandøren gjev tilbod på i denne konkurransen.</p>	<p>Skildring av leverandøren sine relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Skildringa må inkludere opplysningar om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Namn på mottakar av tenesta (kunde/ oppdragsgjevar), med namn på kontaktpersonen</li> <li>Tidspunkt (frå/til)</li> <li>Kontraktsverdi for leverandøren</li> <li>Kort skildring av leveransen og kva leveransar leverandøren sto for (type tenester/ oppgåver som vart utført, og leverandøren si rolle)</li> </ul> <p>Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør. Enkeltmannsføretak kan dokumentere erfaring frå arbeid for andre entreprenørar. Hugs forpliktingserklæring dersom ein skal støtte seg på underleverandør for å oppfylle kravet til erfaring.</p> <p>Nytt gjerne vedlegg 4A Mal oversikt over relevante oppdrag, eller legg ved eiga oversikt med tilsvarande informasjon.</p>
<p>Gjennomføringsevne – køyretøy med mannskap og utstyr</p> <p>Tilbydar må disponere over tilstrekkeleg tal på køyretøy (med mannskap) og utstyr til å kunne oppfylle kontraktsvilkåra for den/ dei</p>	<p>Oversikt over kva for utstyr og maskiner tilbydar har til disposisjon, til dømes:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Traktor/ arbeidsmaskin</li> <li>Brøyteutstyr</li> <li>Snøfres</li> </ul>

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
<p>delkontraktene (rodene) det vert levert tilbod på.</p> <p>Utstyr og maskiner på vere eigna til tiltenkt bruk.</p> <p>Sjå Bilag 1B for skildring av krav til utstyr, og Bilag 1C for oversikt over kor mange køyretøy med mannskap som må til for å dokumentere tilstrekkeleg kapasitet, for kvar rode.</p> <p>Det er ikkje høve til å tilby same køyretøy eller mannskap på to ulike roder.</p> <p>På desse tre rodene må tilbydar disponere over to køyretøy med utstyr og mannskap for å gjennomføre vinterdrift:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 9 Haugamoen</li> <li>• 12 Tjukkabygdi/ Palmafossen</li> <li>• 13 Gullfjordungen</li> </ul> <p>På alle andre roder vil eitt køyretøy med mannskap og utstyr være tilstrekkeleg for å oppfylle kravet til kapasitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Strøtstyr</li> <li>• Brøytarar (mannskap)</li> </ul> <p>Dersom ein skal støtte seg på underleverandør for å ha tilgjengeleg tilstrekkeleg utstyr, må tilbydar legge ved forpliktingserklæring som stadfester at ein disponerer over maskiner/mannskap/utstyr</p> <p>Nytt gjerne vedlegg 4B Mal oversikt over tilgjengeleg utstyr, eller legg ved eiga oversikt.</p>

#### 7.4 Støtte frå andre verksemder

Leverandøren kan støtta seg på kapasiteten til andre verksemder/føretak for å oppfylle krava til tekniske og faglege kvalifikasjonar, jf. 7.3.

Dersom ein ynskjer støtta seg på kapasiteten til andre verksemder eller enkeltmannsføretak, må leverandøren dokumentera at han rår over dei naudsynte ressursane, t.d. ved framlegging av forpliktingserklæring frå desse verksemdene. Mal for slik forpliktingserklæring er vedlagt i del I vedlegg 2. Forpliktingserklæringar **skal** leverast saman med tilbodet.

TYPE DOKUMENTASJON FRA UNDERLEVERANDØR	KOMMENTAR
<b>Forpliktingserklæring/samarbeidsavtale</b> (signert) som bekreftar at tilbydaren vil ha rådigheit over de nødvendige ressursane, jf. FOA § 16-10 (2).	Mal for forpliktingserklæring er vedlagt i del I, jf. vedlegg 2. Se også informasjon under.
<b>Dokumentasjon frå underleverandøren</b> på oppfyling av dei kvalifikasjonskrava som leverandør støtter seg på underleverandør for å oppfylle	Gjelder berre dei kvalifikasjonskrava som leverandør støtter seg på underleverandør for å oppfylle
ESPD – Underleverandørar	Utfylt ESPD-skjema – oppsett i KGV

## 8 Innlevering av tilbud og tilbudsutforming

### 8.1 Innlevering av tilbud

Tilbudsfristen går fram av tabellen under pkt.3.5. Tilbudsfristen er absolutt. For seint innkomne tilbud vil bli avvist. Tilbydar ber all risiko for feil og forbindelsar ved innleveringa.

Komplett tilbud skal leverast elektronisk i konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV) Merccell. Vedlegg og utfylte bilag lastas opp i pdf-format eller annet alminneleg tilgjengeleg format (xlsx, docx, mv.) Prisskjemaet skal også leverast i Word.

Det er ikkje nødvendig med elektronisk signatur eller liknande. Det er tilstrekkeleg verifikasjon at tilbydar har signert, skannet og laste opp mal for tilbudsbrief.

Oppdragsgjevar anbefaler at Leverandøren set av god tid til innleveringsprosedyren i KGV.

### 8.2 Tilbudets utforming

#### 8.2.1 Generelt

Tilbudet vil vera eit uttømande grunnlag for evaluering basert på tildelingskriteria.

Tilbydaren er sjølv ansvarleg for at alle tildelingskriterium og andre krav i konkurransen vert svart på og dokumentert.

#### 8.2.2 Innhald og struktur

Tilbudet skal som minimum bestå av element som er oppført under:

Dokument(er)	Innhald	Mal/vedlegg
Tilbudsbrev	Tilbudsbrev med forpliktande signatur	Del 1 vedlegg 1 Tilbudsbrev
Forpliktingserklæring	Fyll ut kva krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar underleverandøren skal bidra med å oppfylle	Del 1 Vedlegg 2 Forpliktingserklæring
Avvik Dersom tilbudet inneheld avvik frå konkurransegrunnlaget inkl. kontrakt	Eventuelle avvik frå føresegner i konkurransen	Del 1 vedlegg 3 Tilbydars avvik
Tildelingskriterium Pris	Tilbydde prisar	Del 2 Bilag 4 Prisskjema
Bilag 2 Leverandøren sitt tilbud	Skildring av løysing av tildelingskriteriet «Klima og miljø»	Leverandøren si eiga skildring, på inntil ein (1) A4- side

## 9 Tildelingskriterium

Tildeling skjer på basis av kva for eit tilbud som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriterium:

TILDELINGSKRITERIUM	DOKUMENTASJON OG INNHOLD	VEKT
<p><b>Pris</b></p> <p>Evalueringsprisen består av eit vekta snitt av følgande to prisposter:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• timepris for brøytetenester, med eige skjær/snøplog/fres, vekta med 70 %</li> <li>• timepris for strøing, inkludert maskiner og utstyr, vekta med 30 %</li> </ul>	<p>Ferdig utfylt Bilag 4 Prisskjema. Dersom de leverer tilbud på fleire roder, må de fylle ut eitt prisskjema per tilbydd rode. Dette gjeld sjølv om timeprisar er lik for ulike rodar.</p>	70 %
<p><b>Klima og miljø</b></p> <p>Det vert under dette kriteriet gjort ei skjønsmessig vurdering av rutinar og tiltak som bidreg til å redusere miljøbelastninga ved gjennomføring av kontrakten. Det vil mellom anna bli evaluert på følgande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis leverandøren vil planlegge logistikken, slik at ein reduserer tal på køyrekilometer, t.d. ved tilkøyring til og frå roden, og under utføring av arbeidet på sjølve roden.</li> <li>• Forpliktande bruk av maskiner med klassifisering ut over minimum, som er steg IV, dvs. at det vert gitt høgare utteljing dersom leverandør forpliktar seg til å f. eks brøyte med maskin med steg V på ein eller fleire roder. Få fram kva rode det gjeld, dersom det vert gjeve tilbud på fleire roder.</li> <li>• Andre tiltak som reduserer bruk av drivstoff, til dømes om det vert brøyta opp eller nedoverbakke på roder med høgdeskilnader, bruk av motorvarmar, osb.</li> </ul> <p>Tiltak og rutinar må være konkrete og forpliktande for å få utteljing. <b>Ein kan gjerne nytte relevante døme.</b></p>	<p>Leverandøren si eiga skildring, på inntil 1 A4-sider, skrift minimum 10.</p> <p>Dersom skildringa er på meir enn 1 side, vil berre den fyrste sida bli vurdert. Eventuelle lenker og vedlegg vil ikkje bli vurdert.</p>	30 %

## 10 Evaluering og avslutning av konkurransen

### 10.1 Evaluering

#### 10.1.1 Generelt

Tilbudet, og resultatet av eventuelle forhandlingar, vil være et uttømmende grunnlag for evaluering basert på tildelingskriteria.

#### 10.1.2 Evaluering pris

Evalueringa av pris vert gjort etter ein lineær modell, der tilbudet med lavast pris frå 10 poeng. Resten av tilboda får poeng etter avvik frå lågaste pris.

Modell	Forklaring	Valt
Lineær	Beste pris tildelast 10 poeng. Beste pris * 2 eller høgare tildelast 0 poeng.	<input checked="" type="checkbox"/>

### 10.1.3 Evaluering av kvalitet

Evalueringa vil det kvalitative kriteriet Klima og miljø vert gjort basert på ei skjønsmessig vurdering av kvart tilbod samanlikna med beste tilbod.

Poengmodellen som vert nytta er ein skala frå 0-10 poeng, basert på følgande mal:

Poeng	Innhald
10	Beste tilbod
9-8	Godt tilbod, men med enkelte svakheiter i forhold til det beste tilbodet.
7-6	Svakare enn det beste tilbodet.
5-4	Mykje svakare enn det beste tilbodet.
3-2	Svært mykje svakare enn det beste tilbodet.
1	Så vidt oppfylt minimum for å oppnå karakter.
0	Tilbodets innhald er uakseptabelt, eller er ikkje mogleg å evaluere

## 10.2 Avvising av tilbod

Avvisingsreglane i FOA kapittel 24 gjeld. Tilbydarane vert oppfordra til å sette seg inn i desse.

I tillegg skal tilbod innehalde ein utfylt versjon av det elektroniske eigenerklæringskjemaet (ESPD). I dette skjemaet må leverandøren bl.a. stadfeste at avvisings reglane lista opp i skjemaet ikkje medfører plikt til å avvise tilbodet frå konkurransen.

## 10.3 Avlysing av konkurranse

Oppdragsgivar kan avlyse konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn, jf. FOA § 25-4 (1). Som sakleg grunn vert det mellom anna vist til bortfall av planlagt finansiering, manglande godkjenning frå politisk hold og manglande konkurranse.

## 10.4 Melding om val av leverandør

Etter at val av leverandør er gjort vil alle leverandørar som har gitt tilbod bli skriftleg informert om dette.

Meldinga vil innehalde namn på kven som er tildelt kontrakt samt en utgreiing om eigenskapane og dei relative fordelane tilbodet som er valt, i samsvar med tildelingskriteriet i konkurransen, jf. FOA § 25-1.

Meldinga vil også angi tidspunkt for utløp av karenperioden.

## 10.5 Klage

Tilbydarar kan klage på val av leverandør. Dersom oppdragsgivar finner at tildelingsvedtak ikkje er i samsvar med tildelingskriteria kan tildelingsvedtaket bli annullert fram til kontrakt er signert.